

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 19/776-17

## **Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019 - 2020**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020, vedteke i HO-sak 34/18, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper

Det utlyste tilbodet ved Eid vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 2 til 3 grupper.

Det utlyste tilbodet ved Firda vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg1 studiespesialisering vert redusert frå 2 til 1 gruppe

Det utlyste tilbodet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg2 byggteknikk vert auka frå 1 til 2 grupper  
Vg2 sal, service og sikkerheit vert redusert frå 1,5 til 1 gruppe

Det utlyste tilbodet ved Høyanger vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg2 studiespesialisering vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg1 restaurant- og matfag vert auka frå 1 til 2 grupper  
Vg2 Bilskade, lakk og karosseri vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:  
Vg1 helse og oppvekst vert auka frå 2 til 3 grupper  
Vg2 medium og kommunikasjon vert ikkje sett i gang

2. Hovudutval for opplæring rår til at hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune gjer ei vurdering av ny utlysing av tilboda som ikkje er tilrådde å sette i gang for skuleåret 2019-2020.
3. Det vert sett av ressursar tilsvarande 1 grupperessurs til å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere ressursen.

**Vedlegg:**

Vedlegg 1	Innspel frå skulane
Vedlegg 2	Innspel frå opplæringskontora
Vedlegg 3	Saksframstilling og møtebok frå fagopplæringsnemnda 12.03.19 (sak 3/18)
Vedlegg 4	1.prøveinntak 3.3.2019

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Sak 34/18 Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 til hovudutval for opplæring, handsama i hovudutvalsmøtet 20.11.18.

**SAKSFRAMSTILLING****1. SAMANDRAG**

Hovudutval for opplæring handsama i møte 20.11.18 sak 34/18, Opplæringstilbodet for skuleåret 2019- 2020. På bakgrunn av søkartala og sju prøveinntak gjer fylkesdirektøren for opplæring framlegg om å justere opplæringstilbodet slik det går fram av tilrådinga.

Elevane sine rettar, tilbodsstrukturen og vedtak om minimum søkartal, slik dette blei vedteke av fylkestinget i saka om skulebruksplanen( FT-sak 26/13), legg premissane for arbeidet med saka. Søkartala syner auke i tal søkarar til vg1.Det fører til behov for fleire grupper på vg1 nivå for å oppnå akseptabel kapasitet på dette tidspunktet i årshjulet for inntak til vidaregåande skule.

Det er fem utlyste tilbod som ikkje tilfredsstillir minstekravet til søking, vedteke av fylkestinget, og fylkesdirektøren rår difor til at desse ikkje vert sette i gang.

På grunnlag av søkartala, søkarar med ungdomsrett utan tilbod og ledige plassar legg fylkesdirektøren fram ei tilråding der 220 grupper er fordelte på skulane. Ressursar tilsvarende ein grupperessurs vert sett av for å opprette ei ekstra gruppe eller til å finne løysingar for auka plasstal.

**2. BAKGRUNN, PROSESS OG FØRESETNADER**

I møte 20.11.18 gjorde hovudutval for opplæring vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars.

I arbeidsdokument 3/17 og 4/17 frå fylkesrådmannen til finansutvalet slutta finansutvalet seg til å auke tal grupper i opplæringstilbodet permanent til 220 grupper.

I tillegg til ramma på 220 grupper kjem løyving til ei gruppe for elevar med rett til påbygging etter oppnådd yrkeskompetanse (vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter fag og yrkeskompetanse). Denne grupperessursen har tidlegare ikkje vore nytta, då kombinasjonsgruppa mellom vg3 og vg4 påbygging ved Årdal vidaregåande skule har vore finansiert over løyvinga til teneste utdanningsområde. Arbeidet med justering av det utlyste tilbodet syner behov for denne ressursen. Den store søkinga til vg4 gjer at tilbodet ved Årdal vidaregåande skule i all hovudsak blir fylt opp av søkarar med rett til påbygging etter bestått yrkeskompetanse.

Ramma for det samla opplæringstilbodet i skule for skuleåret 2019-2020 er soleis 221 grupper.

Søknadsfristen var 1. februar for søknader om fortrinnsrett eller individuell handsaming til opplæring i skule, og for søknader om tilrettelagt lærekontrakt eller opplæringskontrakt. For alle andre søkarar var søknadsfristen 1. mars.

Tidlegare vedtak i fylkestinget og hovudutvalet for opplæring om oppfyllingsgrad og minimum

søkartal etter første prøveinntak er lagt til grunn i arbeidet med justeringa. Kravet er 20 inntekne i grupper med 30 plassar og 8 inntekne i grupper med 12-15 plassar. For musikk, dans og drama er kravet 16 inntekne til musikk og 16 inntekne til dans og drama samla.

I tillegg har fylkestinget gitt hovudutvalet for opplæring fullmakt til å gjere unntak frå vedtak om oppfyllingskrav, då innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet.(FT-sak 55/13)

Opplæringsretten er knytt til utdanningsprogram, og ikkje til skulestad. Søkarane i Sogn og Fjordane har høve til å setje opp tre skuleønske per valde utdanningsprogram. Dette er ut over kravet i opplæringslova. Fylkeskommunen kan difor gje søkarar tilbod på ein skule dei ikkje har søkt på.

Ein veit av erfaring at ein del søkarar takkar nei til plassane dei får i inntaket. Det gjeld inntekne både på første og lågare ønske. Til inneverande skuleår (2018-19) takka 59 (50) søkarar nei til plass på vg1 i første inntaket. Totalt på vg2 og vg3 takka 100 (88) søkarar nei. I parentes er tilsvarende tal for skuleåret 2017-18. I gruppa som takkar nei ligg også dei søkarane som ikkje svarte innan fristen.

I arbeidet med å få på plass eit samla tilbod har fylkesdirektøren også gjort vurderingar av totalt inntekne søkarar til det einskilde tilbodet som var lyst ut. I utdanningsprogram med relativt mange plassar totalt er det difor akseptabelt med ei lita underdekning av elevplassar.

Tidlegare vedteken føring på at det er inntekne elevar med ungdomsrett som er grunnlaget for kapasiteten i neste års opplæringstilbod, er vidareført. Søkartala som vert presenterte i tabellane er søkarar med ungdomsrett. I tidsrommet etter første inntak og fram mot skulestart vert det opna for at søkarar med fullføringsrett, vaksenrett og ungdomar utan rett kan få inntak til ledige plassar.

Etter at søkartala er klare simulerer fylkesdirektøren inntak til eigne vidaregåande skular gjennom fleire prøveinntak. Første prøveinntak, som byggjer på søkinga til det utlyste opplæringstilbodet, vart sendt hovudutvalet, fylkestillitsvalde i opplæringssektoren og rektorane som internt dokument i saksførebuinga. Prøveinntaka er til hjelp i arbeidet med dimensjonering av tilbodet. Prøveinntaka er gjennomførde på grunnlag av karakterane til 1. termin. Kven som til slutt kjem inn på dei ulike tilboda er ikkje klart før inntaka i juli.

Fagopplæringsnemnda har ei viktig rolle for å ivareta næringslivet sine behov for faglærd arbeidskraft. Fylkeskommunen skal legge vekt på det fagopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt.(§4-8 i opplæringslova). Fagopplæringsnemnda handsama opplæringstilbodet i møte 12 mars, og deira tilråding ligg i saka.

Utgangspunktet for saksframstillinga er søkartal per 3. mars (vedlegg 4) og gjennomførde prøveinntak. I saka viser fylkesdirektøren endringar i høve det utlyste tilbodet.

## 3. NÆRARE OM PRIMÆRSØKARTALA PER 3.3.

	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	Endringar frå 2018-2019 til 2019-2020
<b>Søkarar til skule:</b>	03.03.2015	02.3.2016.	02.03.2017	02.03.2018	03.03.2019	
Med ungdomsrett	4045	4029	4005	4043	4053	10
Søkarar til vg1 av dei med ungdomsrett	1582	1610	1599	1634	1680	46
Utan ungdomsrett	248	274	335	271	265	-6
Totalt- med og utan ungdomsrett	4293	4303	4340	4314	4318	4
Tal plassar i skule	4364	4147	4139	4234	4288	54
<b>Søkarar til bedrift:</b>						
Med ungdomsrett	514	487	502	529	516	-13
Utan ungdomsrett	111	123	133	88	122	34
Totalt- med og utan ungdomsrett	625	610	635	617	638	21
Tal intensjonsavtalar med lærebedrifter	786	892	827	778	930	152
<b>Tal søkarar med ungdomsrett til skule og opplæring i bedrift</b>	4559	4516	4507	4572	4569	-3
Primærsøkarar med ungdomsrett utan tilbod	221	271	182	171	245	74
Ledige plassar	239	215	234	261	272	11
Søkarar frå grunnskulen til vg1 - våre skular	1434	1407	1384	1368	1416	48

Tabell 1 syner hovudtrekk ved søkinga per 3.3.2019. Auken i søkinga til vg1 er, som nemnt, 46 fleire enn i fjor. Tala for søkarar til vg1 med ungdomsrett dei fem siste åra syner auke i 2018-2019, og ytterlegare no til 2019-2020. Talet avgangselevar frå ungdomsskulane er høgare våren 2019 enn det var våren 2018, i alt 69 fleire. Denne auken, i lag med same søkartal frå GMU- gruppene (50) og stor auke i søkargruppa 22-25 år, har gitt auken vi ser i søkartal samanlikna med i fjor. Over halvparten av søkarane i aldersgruppa 22-25 år er minoritetsspråklege.

Det er også auke i tal intensjonsavtalar om opplæring i bedrift, noko det har vore jobba aktivt for å oppnå.

Søking til vg1 ved fylkeskommunale skular- U-rett og første ønske	2017-2018	2018-2019	2019-2020	differanse mellom 2018-2019 og 2019-2020	% av søkarane til vg1 19-20
bygg- og anleggsteknikk	142	131	124	-7	7,4 %
design og handverk	22	18	30	12	1,8 %
elektrofag	153	170	200	30	11,9 %
helse og oppvekst	214	247	241	-6	14,3 %
naturbruk	58	52	57	5	3,4 %
restaurant- og matfag	26	29	33	4	2,0 %
service og samferdsel	72	89	64	-25	3,8 %
teknikk og industriell produksjon	169	173	199	26	11,8 %
<b>Sum yrkesfaglege utdanningsprogram</b>	<b>856</b>	<b>909</b>	<b>948</b>	<b>39</b>	<b>56,4 %</b>
idrettsfag	120	104	103	-1	6,1 %
kunst, design og arkitektur	21	12	16	4	1,0 %
medium og kommunikasjon	31	29	28	-1	1,7 %
musikk, dans og drama	50	37	50	13	3,0 %
studiespesialisering	521	543	535	-8	31,8 %
<b>Sum studieførebuande utdanningsprogram</b>	<b>743</b>	<b>725</b>	<b>732</b>	<b>7</b>	<b>43,6 %</b>
<b>Sum alle utdanningsprogram</b>	<b>1599</b>	<b>1634</b>	<b>1680</b>	<b>46</b>	<b>100,0 %</b>

Tabell 2 syner tal søkarar til vg1. Det er 46 fleire søkarar enn i fjor. Dei siste fire åra har søkinga til yrkesfaglege utdanningsprogram auka:

2016-2017, 52,5%  
 2017-2018, 53,5%  
 2018-2019, 55,0%  
 2019-2020, 56,6%

Til dei studieførebuande utdanningsprogramma er søkinga om lag som i fjor, med unntak av auka søking til vg1 musikk, dans og drama. I yrkesfaga er det vesentleg fleire søkarar til elektrofag, teknikk og industriell produksjon og design og handverk, medan det er vesentleg færre til service og samferdsel. Til dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma er det lite endring frå i fjor. Det er likevel verd å merke seg at primærsøkinga til utdanningsprogram restaurant- og matfag har auka litt også i år. Her har det over lang tid vore store rekrutteringsproblem.

#### Landslinja

Til landslinja studiespesialisering med skiskyting er det 6 søkarar til vg1 frå eige fylke og 2 frå andre fylke. Landslinja er godkjent med 10 plassar.

#### Hordalandsavtalen

Det er i alt 21 (25) søkarar med ungdomsrett til Austrheim vidaregåande skule gjennom Hordalandsavtalen, 8 (15) av desse er til vg1. Søkartal for 2018-2019 står i parentes.

Det er ein søkar frå Aurland med postnummer Gudvangen som har søkt til Voss vidaregåande skule.

#### Gjestelevavtalen mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Nytt i år er gjestelevavtalen mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (HO- sak 1/19). For kommande skuleår har 16 elevar frå Vanylven kommune søkt til Sogn og Fjordane, 6 til vg1, 6 til vg2 og 4 til vg3. Avtalen om at elevane frå Hornindal kan søke til Møre og Romsdal gjeld dette siste året før Hornindal blir del av Volda kommune. I alt 20 elevar frå Hornindal har søkt skuletilbod i Møre og Romsdal, 14 til vg1, 5 til vg2 og 1 til vg3. Frå skuleåret 2020-2021 går avtalen andre vegen, elevar frå tidlegare Hornindal kan søke til Vestland fylkeskommune.

#### Til dei to ulike idrettsordningane i fylket er det samla 67 søkarar på alle nivå.

Søkinga til «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar» syner per 2.3. i alt 11 (20) søkarar til vg1. Det er 6 (14) til fotball ved Sogndal vidaregåande skule, og 5 (6) til volleyball ved Hafstad vidaregåande skule. Søkartala for 2018 står i parentes.

Til ordninga « Potensielle toppidrettsutøvarar», som gjeld for andre idrettar enn dei som inngår i «Spissa idrettstilbod», er det 13 (12) søkarar til vg1. Søkarane søker til ulike utdanningsprogram og skular i fylket.

#### Konsekvensar av utviding av ungdomsretten

Som omtalt i saka om opplæringstilbodet for 2018-19 (H-sak 34/17) blei §3-1 i opplæringslova endra slik at «retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år». Ved søking til skuleåret 2018-19 gav lovendringa lite utslag, men i år er det 73 søkarar i alderen 22-24 år som har fått ungdomsrett ved søking. Det er 32 søkarar til vg1, 29 til vg2 og 12 til vg3.

#### Konsekvensar av friare skuleval

Hausten 2018 fekk vi, som konsekvens av friare skuleval, refusjonskrav frå andre fylke for til saman 20 elevar som dei har teke inn. Vi sende refusjonskrav til andre fylke for 5 elevar ved våre skular.

#### Opplæringstilbod lyst ut i kombinasjon mellom tilbod for ungdom og tilbod for vaksne.

Desse tilboda vart lyst ut som kombinasjonsgrupper:

nivå	Utdanningsprogram/programområde	Skule	Utløst grupper ungdom- vaksne
vg1	Service og samferdsel	Årdal vidaregåande skule	0,5 - 0,5
vg1	Helse- og oppvekstfag	Høyanger vidaregåande skule	0,5 - 0,5
vg2	Sal, service og sikkerheit	Flora vidaregåande skule	1,5 - 0,5
vg1	Bygg- og anleggsteknikk	Stryn vidaregåande skule	1,5 - 0,5

Kravet til oppfylling etter første prøveinntak for dei halve gruppene som var lyst ut for ungdom i kombinasjon, er det same som for andre halve grupper i tilbudsstrukturen.

Fylkesdirektøren har vurdert søkartala frå ungdom og vaksne, og konklusjonen er at berre eitt tilbud vil bli sett i gang som kombinasjonsgruppe, vg1 helse- og oppvekst ved Høyanger vidaregåande skule. Her er det 6 inntekne ungdommar og 15 vaksne søkarar ( med atterhald om at alle er kvalifiserte).

Til tilbodet i Årdal er det berre to vaksne søkarar, men etter første prøveinntak er det teke inn 8 til dei 8 plassane for ungdom, dvs. at tilbodet tilfredsstillar oppfyllingskravet.

Til vg2 sal, service og sikkerheit i Flora var det søkarar tilstrekkeleg til ei gruppe for ungdom, men ikkje til den halve gruppa som skulle inngå i kombinasjon med vaksne. Det var heller ikkje tilstrekkeleg med vaksne søkarar.

Til vg1 bygg- og anleggsteknikk i Stryn var det etter første prøveinntak teke inn 18 til dei 18 plassane i 1,5 grupper for ungdom, men berre to vaksne søkarar.

#### 4. KONSEKVEN SAR AV SØKARTALA

Søkartala per 3. mars gir også i år nokre utfordringar. Som nemnt er det auke i søkinga til vg1, og då primært til yrkesfaglege utdanningsprogram. Yrkesfaggruppene har eit plasstal på 12 eller 15, medan dei studieførebuande gruppene stort sett har plasstal på 30. Auka søking til yrkesfaglege utdanningsprogram har difor gitt utfordringar i høve gruppetalsramma på 220 grupper.

Fylkestinget sitt vedtak om oppfyllingsgrad og minimumssøkartal vil seie at det ikkje er grunnlag for å sette i gang alle dei utlyste gruppene. Fylkesdirektøren si tolking av dette vedtaket er at søkartala, slik dei kjem til uttrykk gjennom inntekne i første prøveinntak, er grunnlag for vurdering av om krava er oppfylte.

Tilboda med lågare søking og oppfylling etter 1. prøveinntak enn minimumstalet vedteke i fylkestinget er:

- Vg1 studiespesialisering ved Firda vidaregåande skule, med 33 inntekne til to grupper. Det betyr at gruppe to har 27 ledige plassar.
- Vg2 sal service og sikkerheit ved Flora vidaregåande skule, med 12 inntekne til 23 plassar (1,5 grupper). Det betyr at det er søkarar til 1 gruppe, men ikkje til halv gruppe som var lyst ut i kombinasjon med vaksenopplæringa.
- Vg2 plast og kompositt ved Måløy vidaregåande skule, der det heller ikkje i år er primærsøkarar.
- Vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule, med 13 inntekne og 17 ledige plassar. (Vg2 medium og kommunikasjon ved Hafstad vidaregåande skule har 15 inntekne og 15 ledige plassar, dvs. kapasitet til alle primærsøkarane i fylket.)
- Vg2 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule, med 19 inntekne og 11 ledige plassar.

#### 5. FAGOPPLÆRINGSNEMNDA SITT VEDTAK

Fagopplæringsnemnda drøfta justeringar i opplæringstilbodet i møte 12.3.19, og gav følgjande uttale:

*«Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 19/20: Ved dimensjonering av tilbodet innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar i dei ulike faga. Ut frå dette formålet prioriterer fagopplæringsnemnda nærings- og arbeidslivet sine behov framfor elevane sine ynskjer. I framlegget er det kommentert tal grupper og samla dimensjonering på fylkesnivå. Tilboda ved dei einskilde skulane er ikkje kommentert. Dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng. Søknaden til yrkesfaga vg1 har auka dette året. Det er svært gledeleg. Av søkarar til vg1 med ungdomsrett har 56,5 % søkt yrkesfag. Tala for 2018 var 55 %.*

##### **Bygg- og anleggsteknikk**

*Søknaden til dette faget på vg1er mindre enn tal utlyste grupper. Søknaden er likevel betre enn i 2018. Likevel har byggenæringa framleis stor trong for fagarbeidarar på fagområdet. Det er god tilgang på læreplassar. Mange av søkjarane til elektro har bygg- og anleggsteknikk som sitt andre ynskje. Difor blir mange av plassane oppfylte med elevar som ikkje kjem inn på elektro. På bakgrunn av tilgang på læreplassar og behov for fagarbeidarar, bør ein halde på tal grupper som i dag. Til vg2 er det god søknad. Innan vg2 byggtknikk må det aukast opp med ei gruppe. Utover dette bør dimensjoneringa vere som utlyst.*

### **Teknikk og industriell produksjon**

Til vg1 TIP er det godt samsvar mellom tal søkjarar og utlyste plassar. Det er 199 søkjarar til 197 plassar. Men ut frå oversøkinga til elektro, veit vi at mange har TIP som sitt andre val. Vi har dei siste åra opplevd at mange også søker kryssløp til transport og logistikk og anleggsteknikk. Innan næringa er det god tilgang på læreplassar og stort behov for faglært arbeidskraft. Begge desse forholda tilseier at vg1 TIP kan aukast opp. Til vg2 er Industriteknologi er det framleis for få søkjarar, men trenden har snudd frå siste år. Sett frå næringa og fagopplæringsnemnda sin ståstad vil industriteknologi bli eit viktig fag også for framtida. Tal grupper på vg2 bør difor ikkje reduserast. Det er viktig å ikkje svekke fagmiljøet ute på dei skulane. Vi har merka oss at det er svak søknad til plast og kompositt og bilskade lakk. Det er derimot svært gledeleg at kjemi og prosessfag har svært god søknad. Etter fleire år med svake søkjartal, er dette svært positivt for næringslivet på dei store industristadane i fylket.

### **Elektrofag**

I elektrofag er det ein stor oversøknad sett i høve til det utlyste tilbodet på vg1. Det er 199 søkjarar til 128 plassar. I møte med opplæringskontora var det ein grundig og god diskusjon om det er mogeleg å skaffe fleire læreplassar til dette faget. Opplæringskontoret for elektrofag og Sogn opplæringskontor var tydelege på at tal læreplassar ikkje kan aukast. Opplæringskontoret for Nordfjord meinte det kan vere mogeleg å auke tal læreplassar noko. Vi har også erfaring frå tidlegare år om at det kan vere vanskeleg å få alle ut i ei lærebedrift. Dei siste åra har det difor vore naudsynt å starte vg3 tilbod i dette faget. Ut frå tilgangen på læreplassar er det ikkje grunnlag for å auka tal grupper. Eit anna alternativ er å auke tal elevar i kvar gruppe frå 12 til 15. Fagopplæringsnemnda må drøfte dette i møtet. Til vg2 er det undersøking på data og elektronikk og oversøking til automatisering. Men samla sett er det bra samsvar mellom tal søkjarar og tal plassar på vg2.

### **Helse - og oppvekstfag**

Fagopplæringsnemnda har merka seg den store og aukande søknaden til helse- og oppvekstfag. Det er positivt at fleire elevar frå dette faget går ut i lære. Siste åra har dette faget hatt aukande tilgang på læreplassar. Helse Førde kjem også inn med nye læreplassar i helsearbeidarfaget. Ut frå søkjartala og behova i kommunane vil vi tilrå å auke opptaket med ei gruppe på vg1. Dette krev at kommunane gjere endå eit løft for å auke tal læreplassar. Vi har merka oss at fleire kommunar i fylket framleis tek inn for få lærlingar sett i høve til KS si målsetting. Til vg2 er det betre samsvar mellom tal søkjarar og utlyste grupper. Her er det ikkje behov for justeringar.

### **Naturbruk - maritime fag**

I dei maritime faga er det bra søknad. Til vg1 er det 57 søkjarar til 60 plassar. Tal søknader har auka litt frå tidlegare år. På bakgrunn av søkjartalet og tilgang på læreplassar meiner vi at gruppetalet bør vere som i dag både på vg1 og vg2.

### **Restaurant- og matfag**

Det har over fleire år vore dårleg søknad til dette faget. Dette til trass for at det er god tilgang på læreplassar og det er stort behov for faglært arbeidskraft. Det er difor gledeleg at tal søkjarar har auka dette året. Særleg har søkjartalet gått opp i Sunnfjord. I Sogn er det framleis lågt. Sjølv om søkjartalet i Sogn er lågt bør det vere grunnlag for å auke tal grupper på vg1. Til vg2 er det betre samsvar mellom søkjarar og utlyste grupper. Her er det difor ikkje behov for justeringar. Vi har særskilt merka oss at søkjartalet ved Sogndal vidaregåande skule framleis er lågt til restaurant og matfag. Skulen, næringslivet og bransjeorganisasjonane må gjere eit krafttak for å få opp søkjartalet og marknadsføre tilbodet ved skulen.

### **Service og samferdsel**

I service- og samferdsel er søkjartalet betre enn i 2018. Til vg1 er det 64 søkjarar til 72 plassar. Det er stor trong for arbeidskraft innan dette fagområdet. Det er også bra tilgang på læreplassar. Sett frå fagopplæringsnemnda sin ståstad er det ikkje behov for justeringar. Dimensjoneringa bør vere som i utlysinga.

### **Mobilitet hos elevane og i næringslivet**

Ein læreplass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første ordinære arbeidsplassen. Det er difor viktig å ha mobilitet til å takke ja til ein læreplass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på læreplassar. Mens det i kommunar og verksemder som ligg i meir gravgrendte strøk, har mange læreplassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til læreplassar viser større mobilitet enn i dag.

Næringslivet og andre arbeidar ofte for å oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at næringslivet er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Adressa til lærlingen spelar ofte ei viktigare rolle enn faglege kunnskap til eiinskilde søkjar. Desse problemstillingane har også Kunnskapsministeren teke opp i fleire innlegg og talar.»

Saksframstilling og møtebok er vedlegg 3

## **6. FYLKESDIREKTØREN SINE VURDERINGAR OG TILRÅDING**

Fylkesdirektøren har vurdert innspela frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontora, og har også lagt fagopplæringsnemnda si tilråding til grunn for arbeidet med saka om justering av opplæringstilbodet. (Vedlegg 1-3)

Økonomiplanvedtaket opnar for same gruppetalet i 2019-2020 som inneverande år, med tillegg av ei gruppe til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. Fylkesdirektøren sine vurderingar og framlegg er gjort i lys av fylkestinget sitt vedtak om høgast mogeleg oppfylling og minimum søkartal. Behovet for grupperessursar er nøkternt vurdert, og framlegget har om lag same tal ledige plassar og tal søkarar utan tilbod som dei føregåande åra.

Det er gjennomført i alt sju prøveinntak som grunnlag for fylkesdirektøren si tilråding til endringar i høve det utlyste tilbodet. Problemstillingane er drøfta samla for kvart utdanningsprogram, med tilrådingane presenterte fortløpande i tillegg til samletabell under oppsummeringa.

#### Primærøking

Nokre innspel frå skulane har merksemd på tal primærøkarar, og ønsker ei justering for at flest mogeleg skal få oppfylt første valet sitt. Denne problemstillinga har vore oppe tidlegare. Fylkesdirektøren har også eit ønske om at flest mogeleg ungdommar skal få plass på det ønsket dei har øvst på søknaden sin. Dersom vi justerer tilboda i tråd med førstevala, der det er oversøking, vil søkargrunnlaget til andre utlyste tilbod falle vekk. Det vil, totalt for fylket, resultere i smalare tilbod, fordi tilbod som er fylte opp med søkarar med tilbodet som lågare ønske, ikkje vil bli sette i gang. For enkeltskular kan det føre til fleire inntekne, men i eit fylkesperspektiv er løysinga ikkje god, og det blir heller ikkje fleire søkarar av ei slik tilnærming. I takt med reduserte rammer, krav til oppfylling og elevtalsnedgang har søkarar utan tilbod og ledige elevplassar primært vore grunnlaget i fylkesdirektøren sitt arbeid med justering av tilbodet.

Auken i tal søkarar til vg1 fører til behov for fleire grupper. Det er ein netto auke på to grupper i fylkesdirektøren sitt framlegg. For å synleggjere tilstrekkeleg kapasitet på alle nivå og innanfor gruppetaletsramma, er ingen av gruppene med oppfylling under minstekravet foreslått sette i gang.

### **6.1 Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar i utdanningsprogramma**

#### **Bygg- og anleggsteknikk**

Til vg1 bygg- og anleggsteknikk er det 124 primærøkarar med ungdomsrett til 153 plassar. Det er ein liten nedgang i søkinga samanlikna med i fjor. Det er ikkje grunn til å justere kapasiteten på vg1.

Etter første prøveinntak var det til saman 19 primærøkarar utan tilbod til dei tre vg2-programområda i utdanningsprogrammet. Det var 5 utan tilbod på vg2 byggtteknikk og 1 utan tilbod på vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Ved Flora vidaregåande skule var det 6 utan tilbod på vg2 klima, energi og miljøteknikk og 1 utan tilbod på vg2 byggtteknikk. Det er gledeleg å sjå at det er søkarar til fulle grupper på vg2 klima, energi og miljø. men det er ikkje læreplassstilgang til å auke kapasiteten i det programområdet. Fylkesdirektøren rår difor til at kapasiteten på vg2 nivå i utdanningsprogrammet vert auka med ei gruppe vg2 byggtteknikk ved Flora vidaregåande skule.

Vg2 anleggsteknikk vart lyst ut med 3 grupper, 2 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 ved Sogndal vidaregåande skule. Det er vesentleg lågare søking til dette programområdet i år, og berre ein søkar stod att utan tilbod etter første prøveinntaket.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg2 byggtteknikk ved Flora vidaregåande skule vert auka frå 1 til 2 grupper.

#### **Helse- og oppvekstfag**

I år er det ein liten nedgang i primærøkinga til vg1 helse og oppvekstfag, etter to år med auke. Det er 241 primærøkarar til 201 utlyste plassar, mot 247 søkarar i fjor.

Etter første prøveinntak var det 8 ledige plassar til 32 plassar vg1 helse og oppvekst ved Dale vidaregåande skule. Inntaket til gruppe nr 2 tilfredsstillar soleis kravet om oppfylling.

Første prøveinntak synte også netto 21 søkarar utan tilbod totalt i fylket. Ved Sogndal vidaregåande skule var det 11, og ved Mo og Øyrane vidaregåande skule var det 12 utan tilbod. Fylkesdirektøren gjer framlegg om å auke gruppetalet med ei gruppe ved Sogndal vidaregåande skule, det blir då tre grupper ved kvar av dei to skulane.

På vg2 ser fylkesdirektøren ingen behov for justeringar



Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 helse- og oppvekstfag ved Sogndal vidaregåande skule vert auka med ei gruppe frå 2 til 3 grupper.

### **Restaurant- og matfag**

Til vg1 i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag er det 33 primær søkerar til 41 plassar i tre grupper. Dette er ein auke på 3 primær søkerar frå i fjor.

Gjennom fleire år har søkinga til utdanningsprogrammet vore svært låg, både i fylket og nasjonalt. Det har vore prøvd ulike rekrutteringstiltak utan å lykkast.

Sjølv om den samla auken av primær søkerar berre er tre, har Mo og Øyrane vidaregåande skule lukkast godt med rekrutteringsarbeidet, med i alt 22 søkerar til 14 plassar. Fylkesdirektøren meiner det er viktig for næringar som har slite med svak søking, at godt rekrutteringsarbeid avspeglar seg i tilgjengeleg elevplassar. Det var tilsvarande positiv auke i søkinga til naturbruk for to år sidan.

Fylkesdirektøren si vurdering er at dette gir grunnlag for å auke tilbodet frå ei til to grupper vg1 restaurant- og matfag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Ved Sogndal vidaregåande skule viste første prøveinntak 12 inntekne til 12 plassar, som tilfredsstillar fylkestinget sitt krav slik fylkesdirektøren tolkar det. Talet primær søkerar er berre tre, og det kunne vere grunn til å forvente at auken i gruppetalet på vg1 helse og oppvekst ved skulen ville redusere tal inntekne til vg1 restaurant- og matfag. Tal inntekne vert likevel berre redusert med to søkerar, og ut frå dette meiner fylkesdirektøren det vil vere grunnlag for at gruppa vert godt oppfylt ved oppstart.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 restaurant- og matfag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert auka med ei gruppe frå 1 til 2 grupper.

### **Service og samferdsel**

Til utdanningsprogrammet service og samferdsel er det ein reduksjon på 25 primær søkerar til vg1 samanlikna med i fjor, med 64 primær søkerar med ungdomsrett til 72 utlyste plassar. På vg1 nivå ser fylkesdirektøren ingen justeringsbehov.

Til vg2 sal, service og sikkerheit ved Flora vidaregåande skule viser fylkesdirektøren til omtale av opplæringstilbod lyst ut i kombinasjon med vaksenopplæring.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg2 sal, service og sikkerheit ved Flora vidaregåande skule vert redusert frå 1,5 til 1 gruppe.

### **Teknikk og industriell produksjon**

Til vg1 teknikk og industriell produksjon er det 26 primær søkerar fleire enn i fjor. Det er 199 søkerar til 197 utlyste plassar.

Det var 26 primær søkerar utan tilbod etter første prøveinntak. Sjølv om plasstalet i utdanningsprogrammet er høgt, er det fylkesdirektøren si vurdering at det er behov for å auke kapasiteten med ei gruppe. Av erfaring veit vi at over 25% av elevane frå vg1 teknikk og industriell produksjon søker kryssløp til vg2, oftast til vg2 anleggsteknikk og vg2 transport og logistikk.

Etter første prøveinntak er det flest søkerar utan tilbod ved Eid vidaregåande skule, og ein rår til at vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka ved ei gruppe der.

Det er svært positivt med 18 primær søkerar med ungdomsrett til programområdet vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule. Det er stor auke frå i fjor, og her har skulen og næringa gjort eit godt rekrutteringsarbeide.

Heller ikkje i år er det primærsøkarar til vg2 plast og kompositt ved Måløy vidaregåande skule. Det er 8 med programområdet som 3. ønske og 1 med programområdet som 5. ønske. Skulen ber om at desse søkarane får tilbodet organisert i lag med YSK-tilbodet vg2 industriteknologi, utan ekstra kostnader. Fylkesdirektøren ser næringslivet sitt behov og skulen sitt ønske, men desse søkarane har to andre programområde dei heller vil få plass på enn vg2 plast og kompositt.

Forslaget til skulen vil bryte prinsippet med karakterbasert inntak. Alle søkarar har rett på inntak til det høgaste ønsket dei kan konkurrere seg inn på. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at ein har høve til å ta frå desse søkarane denne retten. I tillegg er det fare for at søkargrunnlaget til dei andre vg2 tilboda ved skulen ville bli reduserte til under grensa for å bli sette i gang.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri ved Mo og Øyrane vidaregåande skule har fem inntekne til 6 plassar, og tilfredsstillende kravet til søking. Fylkesdirektøren meiner likevel at det er på sin plass å vurdere om grunnlaget for dette tilbodet, slik det vart vedteke i skulebruksplanen, er oppfylt.

I fylkestinget si handsaming av Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024 (FT-sak 26/13) vart det gjort følgjande vedtak i punkt 2f:

*«vg2 bilskade, lakk og karosseri vert nytt tilbod ved skulen om fylkesrådmannen finn løysingar saman med næringslivet/bransjen for den praktiske delen av opplæringa. Om ein ikkje får til slike løysingar blir det ikkje tilbod om vg2 bilskade, lakk og karosseri i eige fylke.»*

Bransjen, gjennom opplæringskontoret, har hatt eit tett samspel med skulen om organisering av tilbodet. Samstundes har ein erkjent at elevane må ta ein større del av opplæringa i skulen enn det som var intensjonane i FT sitt vedtak i 2013.

Fylkesdirektøren si vurdering er at det samla grunnlaget for vg2 bilskade, lakk og karosseri som tilbod i fylket ikkje er oppfylt, og rår til at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 teknikk og industriell produksjon ved Eid vidaregåande skule vert auka frå 2 til 3 grupper.
- vg2 plast og kompositt ved Måløy vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.
- Vg2 bilskade- lakk og karosseri ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.

### **Medium og kommunikasjon**

Til vg1 medium og kommunikasjon viste første prøveinntaket at det er teke inn til fulle grupper både ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular.

Det går 30 elevar totalt på vg1 medium og kommunikasjon inneverande skuleår. Sju av dei har søkt omval til vg2 studiespesialisering, og dei vil konkurrere om plassar der under føresetnad av at dei består privatisteksamen i geografi og samfunnsfag.

Til vg2 er resultatet av første prøveinntak 13 inntekne i Sogndal, og 17 ledige plassar. Ved Hafstad vidaregåande skule er det teke inn 15 søkarar og det er 15 ledige plassar. Tal inntekne ved begge skulane er under vedteken minstesøking, og det vil vere plass til alle søkarane i ei gruppe. Som kriterium for val av skule i slike situasjonar har ein tidlegare nytta tal inntekne. Sidan det er flest inntekne ved Hafstad vidaregåande skule, 15 mot 13 ved Sogndal vidaregåande skule, gjer fylkesdirektøren framlegg om å samle vg2 medium og kommunikasjon ved Hafstad vidaregåande skule. Det betyr at vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule ikkje vert sett i gang.

På vg3 er søkinga ved begge skulane under minstekravet til søking, men det vil ikkje vere plass til alle i ei gruppe.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.

### **Studiespesialisering**

Søkinga til vg1 studiespesialisering er samla noko lågare enn kva ein tok høgde for i det utlyste tilbodet, med 535 primær søkerar til 577 plassar, fordelt på 19 grupper. Etter første prøveinntak var det totalt 44 ledige plassar og 8 søkerar utan tilbod.

For vg1 studiespesialisering ved Firda vidaregåande skule viser første prøveinntak 33 inntekne og 27 ledige plassar i dei to utlyste gruppene. Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet vert redusert frå 2 til 1 gruppe. I prøveinntaket som framlegget bygger på er det ein primær søker utan plass ved skulen, medan det er 10 søkerar utan plass og 15 ledige plassar totalt i fylket.

Det går 20 elevar på vg1 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule i år. Fem av desse har søkt omval til ulike vg1 yrkesfag. Søkargrunnlaget til vg2 studiespesialisering er soleis redusert, og første prøveinntak synte 19 inntekne( 15 primær søkerar) og 11 ledige plassar. Tal inntekne er soleis under fylkestinget sitt krav.

Det er kapasitet til elevane frå vg1 studiespesialisering frå Høyanger vidaregåande skule ved andre skular, men ikkje til alle ved same skulen.

Fylkesdirektøren rår til at vg2 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule ikkje vert sett i gang.

Ulike kombinasjonar av program- og språkfag gjer at byte av skule mellom vg2 og vg3 i dei studieførebuande utdanningsprogramma er lite gunstig. Det er kvart år søkerar som ikkje konkurrerer seg inn på vg3 på same skule som dei gjekk vg2, og det vert krevjande for mottakaraskulen å tilby dei rette fagkombinasjonane. Denne situasjonen oppstår stort sett fordi plassane etter elevane som reiser på utveksling på vg2 vert fylte opp av søkerar frå andre skular. I år er det i alt 9 plassar færre på vg3 enn det er søkerar frå vg2, og fylkesdirektøren har bede skulane vurdere om det er rom for å auke kapasiteten slik at alle får tilbod ved avgjevarskulen frå vg1. Ei slik løysing kan utløyse kompensasjon.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 studiespesialisering ved Firda vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe frå 2 til 1 gruppe.
- vg2 studiespesialisering ved Høyanger vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.

### **Påbygging til generell studiekompetanse**

#### Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Til vg3 påbygging til generell studiekompetanse er det 132 primær søkerar med ungdomsrett, 54 færre enn i fjor. Plasstalet er redusert med 20, då det er teke 5 plassar i kvar av dei ordinære gruppene i vg3 påbygging til generell studiekompetanse til søkerar med rett til studiekompetanse etter bestått yrkeskompetanse. Plasstalet er no 127.

#### Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått yrkeskompetanse er søkartalet dobla, til 55 søkerar. I tillegg til tilbodet ved Årdal vidaregåande skule vart det lyst ut fem plassar til denne søkargruppa ved påbyggingstilboda ved Dale, Hafstad, Flora og Eid vidaregåande skular. Her må søkerane konkurrere på grunnlag av karakterane frå vg2. Auken i søkinga til vg4 kan skuldast både at fleire vel læretid først og studiekompetanse etterpå, og at det stadig blir fleire årskull som har retten til påbygging etter yrkeskompetanse. Alle med fag/sveinbrev eller tre-årig yrkeskompetanse i skulen etter 1.1.2014 har rett til tilbod om påbygging til generell studiekompetanse. Desse har ikkje ungdomsrett, men rett til plass i det særskilte tilbodet.

Fylkesdirektøren har kontakta (SMS og e-post) alle søkerane med rett til vg4 påbygging etter yrkeskompetanse som berre har søkt på ein av dei fem plassane i dei ordinære gruppene i påbygging til generell studiekompetanse. Dei er gjort merksame på at retten til tilbod om plass berre gjeld tilbodet i Årdal. Nokre av dei har endra søknaden, men ikkje alle.

### **Yrkes- og studiekompetanse(YSK)-tilboda i fylket**

YSK er tilbod i fire utdanningsprogram i fylket. Dette er service og samferdsel ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og helse- og oppvekstfag, teknikk og industriell produksjon og naturbruk ved Måløy vidaregåande skule. Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er tilbodet på vg2 avgrensa til programområdet sal, service og sikkerheit. Ved Måløy vidaregåande skule er det tilsvarande

avgrensingar i helse- og oppvekstfag til vg2 helsearbeidar, og i teknikk og industriell produksjon til programområdet industriteknologi.

Til inneverande skuleår var det kraftig nedgang i søkinga til YSK-tilboda ved Måløy vidaregåande skule. Det var til saman 10 primær søkerar med ungdomsrett til dei 16 plassane. I år er det samla 22 søkerar.

Til YSK- tilboda ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det 9 primær søkerar til 15 plassar, ein nedgang frå 11 primær søkerar i fjor. Kven som får tilbod om å starte på YSK- løpa er avhengig av kven av søkerane dei godkjende bedriftene vel ut.

### **Utdanningsprogram der fylkesdirektøren ikkje har framlegg til endringar**

I utdanningsprogramma design og handverk, naturbruk, idrettsfag, kunst, design og arkitektur og musikk, dans og drama har fylkesdirektøren ingen framlegg til justeringar. Søkartala til vg1 er presenterte i tabell 1, og i all hovudsak er det utlyste tilboda godt tilpassa søkinga i desse utdanningsprogramma.

Til utdanningsprogrammet elektrofag har fylkesdirektøren heller ikkje framlegg til endringar av gruppetalet. Opplæringskontoret for elektrofag (OFEL) peikar på underbalanse mellom plasstalet på vg1 og plasstalet på vg2, med for få plassar på vg1. Fylkesdirektøren har sjekka ut med Flora vidaregåande skule om auke av plasstalet i gruppene frå 12 til 15 var aktuelt. Skulen har vurdert arealsituasjonen, men konkluderer med at dette ikkje er praktisk mogleg. Ved Sogndal vidaregåande skule vert plasstalet auka opp igjen til 15 i vg1-gruppene.

Då utdanningsprogrammet service og samferdsel vart omgjort til YSK-tilbod ved Mo og Øyrane vidaregåande skule skisserte skulen ein modell der vg3 og vg4 (YSK-påbygging) og vg3 naturbruk studieførebuande delte ein grupperessurs. Denne løysinga har vore praktisert desse åra. Auka søking til naturbruk har ført til auka tal søkerar til vg3 naturbruk med studieførebuande. I tillegg har elevar som har fullført vg3 landbruk rett til påbygging, på linje med dei som har bestått fag eller sveinebrev. Desse har fått teke ut denne retten ved vg3 naturbruk studieførebuande.

Søkartala viser 14 søkerar til vg3 YSK, 8 til vg4 YSK og 20 til naturbruk studieførebuande, der 12 søkerar har ungdomsrett og 8 søkerar har rett til påbygging til generell studiekompetanse etter fullført yrkeskompetanse. Kombinasjonen påbygging i YSK og vg3 naturbruk vil bli tilført ressursar. Kostandane blir dekkja innanfor ramma til sektoren.

### **6.2 Inntekne og kapasitet i framlegg til justert opplæringstilbod**

I det sjuande prøveinntaket, som er grunnlaget for fylkesdirektøren si tilråding, er 86,8% av søkerane til vg1 tekne inn på første valet, 10,4% på andre valet og 2,8% på tredje valet. For ca. halvparten av søkerane til vg1 er andre valet same utdanningsprogram som første valet, men ved annan skule.

Framlegget til justert opplæringstilbod viser ei samla oppfylling på alle tre nivå på 94% (94%). På vg1 er oppfyllinga 97% (96%), på vg2 91% (93%) og på vg3 91% (92%). (Tala for i fjor i parentes.) Prøveinntaket syner at 3967 søkerar har fått skuleplass, mot 3983 i fjor.

Til vg1 er det 79 (54) søkerar med ungdomsrett utan tilbod og 47 (68) ledige plassar. På vg2 er det 88 (72) søkerar med ungdomsrett utan tilbod og 133 (113) ledige plassar. Tala for 2018-2019 står i parentes. I alt er det 245 søkerar med ungdomsrett utan tilbod, og det er 272 ledige plassar.

Som tidlegare år gjer fylkesdirektøren merksam på at prøveinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli er på grunnlag av standpunkt- og eksamenskarakterane.

Også i år ser fylkesdirektøren behovet for å ha ein ressurs tilsvarande ei gruppe til disposisjon til ei ekstra gruppe eller til å auke plasstalet, avhengig av kva løysingar som vil gje best utteljing. Prøveinntaka har synt at søkerane sine val av skular gjer at ein ytterlegare auke i gruppetalet ikkje gjer utslag i fleire inntekne no.

Alle søkerane med ungdomsrett har rett på inntak til eitt av tre ønske på vg1 og eit programområde på vg2/vg3 som dei er kvalifiserte for. Etter andre inntaket står det kvart år igjen

ein del søkarar som ennå ikkje har fått tilbod. Når skulane tek over inntaket skal dei prioritere søkarar utan tilbod til dei ledige plassane. Erfaringa er at i løpet av dei to første skulevekene har alle fått eit tilbod.

Fylkesdirektøren ber om å få fullmakt til å disponere ein ressurs tilsvarende ei gruppe i samband med inntaka.

### **6.3 Vurdering av konsekvensar for pedagogisk personale**

Den årlege justeringa av opplæringstilbodet vil alltid kunne ha personalmessige konsekvensar. Ein auke eller reduksjon i gruppetalet vil påverke stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den enskilde skule.

Fylkesdirektøren si tilråding til justert opplæringstilbod for skuleåret 2019-2020 har ei gruppe meir enn tilboda som vart sette i gang skuleåret 2018-2019. Det er grupperessursen til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. Dei tilboda fylkesdirektøren rår til ikkje vert sette i gang, vil få konsekvensar for tilsette i nokre programområde.

Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og ein vil få oversikt over eventuelt overtal. Eventuelt overtal vert handtert etter gjeldande prosedyre. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet.

### **6.4 Utstys-, drifts- og arealbehov**

Det er ikkje meldt inn behov.

## 7. FYLKESDIREKTØREN SI SAMLA TILRÅDING

Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til justeringar går fram av tabell 4:

Skule	Nivå	Utdanningsprogram/ programområde	Utløst	Auk e	Reduksjo n	Fylkesdirektøren sitt framlegg
Dale	1	teknikk og industriell produksjon	1	1		2
Florø	2	byggteknikk	1	1		2
Florø	2	sal, service og sikkerheit	1,5		-0,5	1
Mo og Øyrane	1	restaurant- og matfag	1	1		2
Mo og Øyrane	2	Bilskade, lakk og karosseri	0,5		-0,5	0
Måløy	2	Plast og kompositt	0,5		-0,5	0
Sogndal	1	Helse- og oppvekst	2	1		3
Sogndal	2	medium og kommunikasjon	1		-1	0
Firda	1	studiespesialisering	2		-1	1
Eid	1	teknikk og industriell produksjon	2	1		3
Høyanger	2	studiespesialisering	1		-1	0
				5	-4,5	

Tabell 4

Som omtalt i punkt 4 er det tre tilbod, og to «gruppe nr 2», med søking under minimumstala fastsette av fylkestinget. I tillegg kjem vg2 bilskade, lakk og karosseri, der fylkesdirektøren meiner at fylkestinget sine føresetnader for tilbod i fylket, ikkje er oppfylte.

Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 vart lyst ut med 220 grupper. I fylkesdirektøren si tilråding til justering av opplæringstilbodet er 220 grupper fordelte på skulane. Det er gjort greie for tillegg av ei gruppe til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. I tillegg ber fylkesdirektøren om ressursar tilsvarande ei gruppe for å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal, i samband med inntaket.

Tilbud ved kvar skule:

Fylkesdirektøren sitt framlegg til justert tilbod ved skulane 2019-2020			Fylkesdirektøren sitt framlegg	
<b>a) Dale vidaregåande skule</b>				
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	30
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>10,0</b>	<b>208</b>

<b>b) Eid vidaregåande skule</b>				
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og handverk	2,0	34
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	14
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	3,0	39
2	TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon LAD	0,5	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>20,0</b>	<b>368</b>

<b>c) Firda vidaregåande skule</b>				
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	2,0	60
1	MDMDD1--	4-		
	MDMDD1--	Musikk, dans og drama- dans	0,5	13
1	MDMDD1--	1-		
	MDMDD1--	Musikk, dans og drama- musikk	1,0	24
1	MDMDD1--	6-		
	MDMDD1--	Musikk, dans og drama- drama	0,5	13
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1,0	24
3	MDMUS3----	Musikk	1,0	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
<b>Totalt</b>			<b>13,0</b>	<b>357</b>

**d) Flora vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	2,0	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	16
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>28,0</b>	<b>535</b>

**e) Hafstad vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	0,5	15
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	122
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4,0	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120
1	KDKDA1----	kunst, design og arkitektur	0,5	15
2	KDKDA2----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
3	KDKDA3----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
<b>Totalt</b>			<b>18,0</b>	<b>542</b>

**f) Høyanger vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse og oppvekstfag	0,5	8
2	DHFRI2----	Frisør	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	14
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	32
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>7,0</b>	<b>128</b>



**g) Mo og Øyrane vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	4,0	45
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	48
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6
2	HSHE2----	Helseservicefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	2,0	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk-hest	1,0	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfaget	1,0	13
2	NALGA2----	Landbruk - og gartnarfaget	2,0	28
3	NANAB3----	Naturbruk- studieførebuande	1,0	14
3	NALBR3----	Landbruk	1,0	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	2,0	28
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel - YSK 4-årig	1,0	15
2	SSSS2P---	Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig	1,0	11
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	0,0	8
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	0,0	16
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	12
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	3,0	36
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>38,0</b>	<b>505</b>

**h) Måløy vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	13
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	15
1	HSHSF1P---	Helse- og oppvekstfag YSK-4-årig	0,5	8
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag YSK 4-årig	0,5	6
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1,5	18
1	NANAB1P---	Naturbruk maritime fag YSK 4-årig	0,0	4
4	NAAKV2P---	Akvakultur YSK 4-årig	0,0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	10
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	12
2	RMKOS2----	Kokk og servitørfag	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	25
1	TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	4
2	TPMAR2----	Maritime fag	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	1,0	17
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	1,0	18
<b>Totalt</b>			<b>20,0</b>	<b>325</b>

**i) Sogndal vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	4,0	47
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	26
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	47
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1,0	12
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1,0	15
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	3,0	90
2	STUSP2----	Studiespesialisering	3,0	90
3	STUSP3----	Studiespesialisering	3,0	90
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>40,0</b>	<b>762</b>

**j) Stryn vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,5	30
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1,0	15
1	SSSSA1----	Sal, service og sikkerheit	0,5	6
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	7
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
<b>Totalt</b>			<b>15,5</b>	<b>310</b>

**k) Årdal vidaregåande skule**

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	0,5	7
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	31
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	0,0	10
4	PBPBY4YK--	Påbygging til generell studiekompetanse- etter y-komp.	1,0	20
<b>Totalt</b>			<b>10,5</b>	<b>200</b>